



Anne Solberg Eikemo  
Vefjell 85  
5957 MYKING

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2233 - 17/25770

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
11.09.2017

## Tilskott til spesielle miljøtiltak i jordbruket gbnr 47/3 Vefjell. Rydding av beite.

### Dokument:

Søknad om tilskot registrert 03.06.2016, kostnadsoverslag og kart.

### Søknaden:

Det vert søkt om tilskot til rydding av 21,3da beite. Det skal ryddast tre og kratt på gamle beiter.

Det vert søkt om rydding av 21,3da. Kartet syner at det eine av områda er skrin fastmark. Her er det ikkje beite. Gamle kart syner at det heller ikkje har vore beite frå gammalt. Kostnadsoverslaget er sett til kr.100000,- og det er søkt om tilsvarende sum i tilskot.

### Vurdering:

Sakshandsamar har teke ut skrin fastmark. Dette området kan ikkje godkjennast som gammalt beite. Nedanfor ligg eit område med skogsmark av særst høg kvalitet. Her ser det til at det delvis har vore beite før som heng saman med dei andre områda som no skal ryddast. Sakshandsamar har utvida beitetområda noko med det nemnde området i skog/grense mot innmarksbeite. Tiltaket får då følgjande omfang: 11,2da innmarksbeite og 2,9da skogsmark/delvis beita areal.

Kostnader for restaurering av beite kan godkjennast med inntil kr.3000,-/da fastsett i dei kommunale retningslinene. Dette gjev eit maksimalt kostnadsoverslag lik kr.42300,- for 14,1da godkjent ryddeområde. Tilskot er 50% av godkjend kostnad. Tilskotet vert etter dette kr.42300,-/2 = kr.21150,-

Garden er i drift med sau og geit. Det vert søkt om produksjonstilskot.

Vefjell er ei lita grend som ligg litt for seg sjølv i skogen under Skausnøyi. Gardane her har lite innmark og området er difor i sterk attgroing. Det er veldig bra at nokon tek opp arbeidet med å rydde kratt og buskas og sett dyr på beite. Området er eit mykje nytta turområde og det gjev eit flott uttrykk når innmark og beiter er stelt.

### Vedtak:



Med heimel i §8 i forskrifta løyver Lindås kommune kr.21250,- til rydding av gamle beiter. Tilskotet er eit eingongstilskot. Frist for gjennomføring vert sett til 1. november 2019.

#### Klagerett :

Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følge. Fristen for å klage er tre veker frå ein mottek melding om vedtak. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følge skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.

#### Generelt om løyving av SMIL – midlar :

- Frist for gjennomføring er generelt 3 år viss ikkje det er sett ein spesifikk dato i vedtaket. Men det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfristen utifrå grunngjeving, seinast 1 månad før fristen går ut. Men ikkje utover 5 år frå tilskotet vart løyvd. Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

#### Utbetaling av tilskot:

- Utbetaling av tilskot skjer etter skriftleg oppmoding frå søker (saldokort) og når tiltaket har fått godkjent sluttrekneskapet. Det kan også gjerast delutbetaling på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som delar av tiltaket er utført. Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttrekneskap er godkjent.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved rekneskap med timelister for eige og leigd arbeid, fakturaer for innkjøpt materialer og gjerne fotodokumentasjon.
- **Til utbetaling vil konto 3632 25 01260 verta nytta. Søklar pliktar å informera skriftleg om endring av kontonummer.**

#### Kommunen si rolle i gjennomføring av tilskotsordninga:

- Kommunen gjer vedtak og orienterer Fylkesmannen si landbruksavdeling om løyvinga.
- Førespurnad om delutbetaling eller sluttutbetaling skal rettast til kommunen.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein månad.

#### Kontroll:

- Kommunen tek synfaring og godkjenner etter at arbeidet er gjort etter planen.
- Fylkesmannen si landbruksavdeling kan også foreta synfaring på ferdige tiltak. De vil i såfall verta varsla på førehand.
- Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevja naudsynte opplysningar og kontrollera at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane. Jfr § 9 i forskrifta

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
landbrukssjef

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

**Mottakarar:**

Anne Solberg Eikemo

Vefjell 85

5957

MYKING